

Innkalling til digitalt årsmøte i Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Tekna Sogn og Fjordane avdeling held sitt årsmøte, 18.februar 2021 kl 20:00.
For å unngå smitte og smittespreiing av COVID-19, vil Tekna Sogn og Fjordane avdeling halde sitt årsmøte på Teams.

SAKSLISTE

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av ordstyrar
3. Val av referent og to til å underteikne protokollen
4. Årsmelding 2020
5. Årsrekneskap 2020
6. Revisor si beretning
7. Handlingsplan 2021
8. Fastsetting av avdelingskontingent for 2021
9. Budsjett 2021
- 10.Vedtaksendring
- 11.Innkomne saker
- 12.Val
 - Styre for avdelingen
 - Revisor og valkomité
 - Representantar og vararepresentant til R-møtet 2021

Saker til årsmøtet må være styret i hende seinast fire veker før årsmøtet.

TEKNA

Sogn og Fjordane avdeling

Årsmelding 2020





Avdelinga

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har eit ansvar for at foreninga sine aktivitetar vert oppretthaldne og utvikla lokalt.

Per 01.01.2021 hadde avdelingen 586 medlemmar, mot 542 året før. Det er ein medlemsvekst på 8,1 %. Tekna hadde i 2020 en generell medlemsvekst blant ordinære medlemmer på 6,3 %.

I samband med kommune og fylkessamanslåing som tredde i kraft 1.1.2020, vart medlemmar frå Hornindal kommune flytta frå Tekna Sogn og Fjordane avdeling til Tekna Ålesund avdeling. Den nødvendige vedtektsendringa vart gjort og godkjent sentralt.



Tekna Sogn og Fjordane avdeling er 81 år og i 2020 vart det jobba mykje med digitalisering. Tekna Sogn og Fjordane avdeling ønskjer å ha godt mangfald i leiiande organ.

Styret

Årsmøtet i Tekna Sogn og Fjordane avdeling for 2019 vart halde på Alexandra Hotell i Loen den 14.02.2020.

Styret i TEKNA Sogn og Fjordane avdeling har hatt følgande samansetning:

Leiar:	Øyvind Heimset Larsen
Nestleiar:	Jannicke Holmseth Bukve
Kasserar:	Gaute Roska
Kurs og arr.:	Lars Laache
Styremedlem:	Beate Kvalsund
Styremedlem:	Merete Nerland
Revisor:	Dag Lothe
Valkomite-medlem:	Leif Gabriel Kapstad
	Eli Nummedal
	Silje Lunde Vassbotten

Styremøte

Det er i perioden frå forrige årsmøte halde 9 styremøte. Grunna korona har alle blitt gjennomført digitalt som videomøte. Det har vore godt oppmøte og effektiv gjennomføring. Ellen Hauge har vore observatør på alle møta. Eit klassisk julemøte vart tinga på Gloppen hotell den 20.november. Dette vart erstatta av videomøte.

Dei første møta var på skype, men dei fleste møta nytta Teams og frå det siste møte i 2020 nytta vj Tekna sin nye Teams-plattform.

Styret nyttar seg av Tekna sitt dokumenthanteringsystem på tekna.no for sikker og varig lagring av styredokumenter til ettertida, men vi skal no nytte Teams-løysinga til dette og.

Aktivitetar 2020

2020 vart eit annleis år grunna korona-pandemien. Eit mangfaldig styre i Tekna Sogn og Fjordane avdeling har likevel vore aktive.

Tekna sentralt bad oss om å vere med på eit spleiselag for å vidareføre suksessen Tekna har hatt med å arrangere digitale kurs. Styret vedtok oppmodinga om å bidra med opp til 4% av kontingenten. For Tekna S&F vil dette utgjere om lag kr.2500,- per år. Denne summen skal dekke opp til ti arrangement i løpet av et år. Dette opplever styret som ei særskild verdifull investering for medlemmane våre. Det og digitalisering av sentrale samlingar i Tekna har vore positivt for deltaking og engasjement.

Tekna Sogn og fjordane avdeling har jobba aktivt for å få til samarbeid med både Teknologifestivalen på Vestlandet, Teknoløft Sogn og Fjordane og Campus Førde verftet om å arrangere konferansar. Vi vart samde med Teknologifestivalen om kva aktiv rolle vi ønskte og kva type sesjon vi ville ta region på, (Teknologi og rekruttering

av kvinner). Vi søkte om samfunnsmidler til å delfinansiere dette. Diverre vart ingen konferansar gjennomført på hausten. Samfunnsmidlane vi søkte om og fekk tilslag på for 2020 sa vi frå oss. Men vi søkte på nytt og fekk tilslag for å kunne gjennomføre dei same planane i 2021.

Som ei oppfølging av årsmøtesak frå i fjor om at vi måtte promotere oss meir, har vi og førebudd samarbeid med Framtidsfylket og har også søkt og fått samfunnsmidler til delfinansiering for stand og reise til to messer i 2021.

Styreleiar var og i dialog med Tekna Årdal etter eit initiativ frå Sitep AS om felles søknad om samfunnsmidler til eit arrangement. Men initiativet vart lagt på is.

Styret jobba med andre arrangement og vedtok å gjennomføre ekstra medlemsskurs når det ikkje vart mogeleg å arrangere konferanse og andre satsingar vi jobba med.

Andre konkrete initiativ styret jobba med, men måtte legge på is, var «Klimaparktur til Jotunheimen veke 27, i samarbeide med Kongsberg-gruppa», bedriftsbesøk hjå Elkem i Svelgen og Rocketfarm i Sogndal, samt 8x8 seminar.

Digitalt kjemisk juleverkstad for barn (4-12) for alle avdelingane. «Kjemisk juleverksted blir i år et digitalt arrangement som sendes fra Oslo. Det blir sendt ut invitasjon til alle medlemmer og de som melder seg på får en makke med materiell til deltagelse på juleverkstedet.» Tekna S&F sa ja til å bidra med ein mindre sum, men det viste seg at Tekna sentralt tok kostnaden

Styret har jobba for eit digitalt ølsmakingkurs. - Kinn Bryggeri har ikke mulighet til å arrangere ølsmakingkurs før i første kvartal 2021.

Styret har opprettholdt kontakten med Tekna Årdal, og har samarbeid om å tilby deltaking på arrangementer som kurs og konferanser til avdelingane sin medlemsmasse.

Aktivitet er formidla til medlemmer via Tekna sine kanalar e-post/sms og på avdelinga si Facebook-side (88 medlemmar per 27.01.2021. Forsiktig opp frå 72 i fjor).

Kurs og arrangement 2020

04.02.2020 Medlemskurs: Pensjon - en viktig del av dine ansettelsesvilkår
Medlemskurset hadde 20 påmeldte og vart halde på nye Quality Hotel i Sogndal og fekk gode tilbakemeldingar.

14.02.2020 Årsmøte i Loen

Årsmøte for 2019 var avholdt 14. februar 2020, på Hotell Alexandra i Loen. Etter årsmøtet var det årsmøtemiddag og sosial samankomst på hotellet. Medlemmene fekk ha med seg følgje og tilbudt overnatting til reduserte hotellprisar. 27 påmeldt, men det vart nokre forfall og hotellet viste stor fleksibilitet.

03.09.2020 Medlemskurs: Hersketeknikker.

Kurset ble arrangert på Scandic Sunnfjord hotel og spa. Det var 13 påmeldte og gode tilbakemeldingar.

26.10.2020 Medlemskurs: Hvordan bli en som folk lytter til?

Medlemskurset hadde 16 påmeldte og vart holdt på nye Quality Hotel i Sogndal og fekk gode tilbakemeldingar

Sentrale møter

23.04.2020 Styrekurs: Introduksjon for tillitsvalde. Styret deltok på det digitale kurset

17.10.2020 var leiar av avdelinga, Øyvind Heimset Larsen med på Tekna sitt Avdelingsleiarmøte digitalt. Styremedlem Beate Kvalsund deltok og med talerett. Hovedtema var oppdatering av vedtekter for å kunne gjennomføre digitale møte og andre justeringar grunna Covid-19.

02.11.2020 var leiar av avdelinga, Øyvind Heimset Larsen, med på Dialogmøte med Hovedstyret. Det digitale møte handla om utviklinga av Tekna og status på Hovedstyret sitt arbeid. Det vart og diskutert saker som skal opp på Representantskapsmøte neste somar.

26.01.2021 var det opplæring i verktøy for digital årsmøtegjennomføring. Jannicke Holmseth Bukve og Øyvind Heimset Larsen deltok.

Regnskap for Tekna Sogn og Fjordane avdeling 2020

Regnskap for Tekna Sogn og Fjordane avdeling 2020	
INNETEKTER	Regnskap
Avdelingskontingent	67 603,00
Renter	183,00
Egenandel arrangementer	10 950,00
Sum inntekter	78 736,00
KOSTNADER	
Årsmøte i Loen	60 471,00
Bankgebyr	1,00
Sum kostnader	60 472,00
Årsresultat	18 264,00

Teams, 18.02.2021

Øyvind Heimset Larsen
Leiar

Jannicke Holmseth Bukve
Nestleiar

Gaute Roska
Styremedlem- Kasserar

Beate Kvalsund
Styremedlem

Merete Nerland
Styremedlem

Lars Laache
Styremedlem- Kurs og arr.

Prioriterte oppgaver og budsjett for Tekna Sogn og Fjordane avdeling

2021



Prioriterte oppgaver for 2021

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har eit ansvar for at foreninga si aktivitet vert oppretthalde og utvikla i avdelinga. Avdelinga sine prioriterte oppgaver baserer seg på Tekna sin overordna strategi *Tekna 2024*, Tekna sin handlingsplan 2020–2021, Tekna sine foreningspolitiske mål og Tekna sitt verdigrunnlag.

Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil profilere Tekna ved å delta på stand på Framtidsfylke sine arrangement

Auka rekruttering til Tekna-fag

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil profilere Tekna ved yrkesorientering på ungdomsskular/vidaregåande skular også ved å aktivere lokale medlemar til å delta så langt korona tillet dette. Vi vil og profilere nasjonale realfagsdagar og Teknologifestival-arrangement.
- Støtte opp om relevant høgare utdanning i fylket her under Høgskulen på Vestlandet og Havrom i Florø.
- Fagskuleutdanning utover vidaregåande skule

Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arbeide for gode digitale arrangement og kurs og flyt av informasjon til medlemane ved hjelp av eiga heimeside under Tekna.no, Facebook og bruk av e-post og SMS gjennom Tekna sentralt og distriktskontor.
- Arrangere årsmøte med overnatting på attraktive hotell eller digitalt om det er naudsynt.
- Regionalt avdelingssamarbeid. Samarbeide med Årdal avdeling i samband med ulike arrangement på begge sider. Invitere representant frå styret i Årdal til vårt årsmøte.

Attraktive faglege og sosiale nettverk og relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil være arrangør eller medarrangør av møter/konferansar om aktuelle faglege og teknologiske saker
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere medlemskurs i regi av Tekna Sogn og Fjordane avdeling og Tekna sentralt om det vert mogeleg.
- Arrangere bedriftsbesøk og sosiale samlingar om det vert mogeleg

Berekraftig samfunn og trygge rammer i næringslivet

- Sette dagsorden i viktige saker innanfor næringsutvikling, samferdsle og infrastruktur i fylket.



Budsjett for 2021

Budsjettet for 2021 er tilpassa avdelinga sine prioriterte oppgåver.

merknad/note

Inntekter	Budsjett 2021	
Avdelingskontingent	77 000	basert på 2020 og framleis vekst
Renter	130	
Eigendel arrangement	0	digitalt årsmøte
Tilskot (søknader/sponsing)	55 000	konferanse + Framtidsfylket
Sum inntekter	132 130	

Kostnader	Budsjett 2021	
Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	20 000	Framtidsfylket Tekna-stand
Auka rekruttering til Tekna-faga	10 000	gåver til allmennyttige føremål
Attraktive faglege og sosiale nettverk	75 000	konferanse, bedriftsbesøk, arrangement
Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	7 000	digitalt årsmøte
Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	3 000	digitale kurs
Berekraftig samfunn	0	
Trygge rammer i arbeidslivet	0	
Drift av avdelinga, inkludert styremøte	15 000	styremøte og julemøte
Diverse kostnader	30	bankgebyr
Disponibelt	2 100	buffer
Sum kostnader	132 130	





Tekna

Sogn og Fjordane avdeling

Budsjett for 2021

Budsjettet for 2021 er tilpassa avdelinga sine prioriterte oppgåver.

merknad/note

Inntekter	Budsjett 2021	
Avdelingskontingent	77 000	basert på 2020 og framleis vekst
Renter	130	
Eigendel arrangement	0	digitalt årsmøte
Tilskot (søknader/sponsing)	55 000	konferanse + Framtidsfylket
Sum inntekter	132 130	

Kostnader	Budsjett 2021	
Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	20 000	Framtidsfylket Tekna-stand
Auka rekruttering til Tekna-faga	10 000	gåver til allmennyttige føremål
Attraktive faglege og sosiale nettverk	75 000	konferanse, bedriftsbesøk, arrangement
Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	7 000	digitalt årsmøte
Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	3 000	digitale kurs
Berekraftig samfunn	0	
Trygge rammer i arbeidslivet	0	
Drift av avdelinga, inkludert styremøte	15 000	styremøte og julemøte
Diverse kostnader	30	bankgebyr
Disponibelt	2 100	buffer
Sum kostnader	132 130	

Vedtektsendring



Vedtektsendring

§3.1 Årsmøte

Vedtektene har i dag følgende ordlyd:

«Årsmøtet avholdes årlig innen utgangen av mars.»

Forslag til endring:

«Årsmøtet avholdes årlig innen utgangen av mars. Styret kan beslutte at årsmøtet avholdes digitalt dersom styret finner at dette er nødvendig eller hensiktsmessig.»